Statsforvaltaren i Agder

Vår dato: 28.08.20266
Vår ref.: 2017/2927

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Bygland kommune
Aslak Jørundland Brekke
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ole Martin Aanonsen, 37 01 78 51

Rapport etter tilsyn 26. mars 2026 Kontrollnummer 2026.167.I.SFAG

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Byglandsfjord reinseanlegg i Bygland kommune den 26. mars 2026.

Rapporten inneheld mellom følgande delar:

- Del 1: Resultatet frå inspeksjonen
- Del 2: Statsforvaltarens vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Anna informasjon

Del 1: Resultatet frå inspeksjonen

Denne delen gir ein oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan den gitte fristen.

Nærare omtale av funna frå tilsynet er gitt i del 2.

Statsforvaltaren avdekka avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren avdekka følgande avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Kommunen manglar ein politisk vedtatt oppdatert saneringsplan for Byglandsfjord avløpsanlegg.
- Avvik 2: Kommunen manglar ein oppdatert skriftleg miljørisikovurdering av reinseanlegget
- Avvik 3: Kommunen manglar skriftlege rutinar for oppfølging av drifta ved avløpsanlegget.
- Avvik 4: Kommunen manglar ein skriftleg vurdering av kva som er eit avvik ved reinseanlegget.

Avvik er manglande etterleving av krav fastsette i medhald av lov.

Vi ser alvorleg på at kommunen i all hovudsak ikkje nyttar oppdaterte skriftlege dokument som grunnlag for drifta ved reinseanlegget, trass i at vi har peika på desse manglane i tidlegare tilsyn.

Bygland kommune må snarast rette opp avvika. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som syner korleis avvika er retta **innan 31.desember 2026**.

Statsforvaltaren gav ein merknad

- Merknad 1: Hovudplanen for vatn og avløp er utarbeidd utan nemneverdig deltaking frå sentrale personar i kommunens administrasjon.

Ein merknad er eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av føresegner i eller i medhald av lov.

Statsforvaltaren peika på eitt anna tilhøve

- Anna tilhøve 1: Om næringsmiddelpåslepp til kommunalt leidningsnett.

Andre tilhøve omfattar tilhøve som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfagpost@statsforvaltaren.no v/ Ole Martin Aanonsen, Merk svaret med saksnummer 2017/2927 og tilsynsnummer 2026.167.I.SFAG.

Del 2: Statsforvaltarens vurdering og grunngjeving

Avvik nr. 1

Kommunen manglar ein politisk vedtatt oppdatert saneringsplan for Byglandsfjord avløpsanlegg.

Avvik frå:
Utsleppsløyve datert 12. desember 2012 punkt «3.3 avlaupsnett»

Kommentarar:
I utsleppsløyvets punkt 3.3 er det satt føresegner om at Bygland kommune skal ha ein overordna og politisk behandla tidsplan for fornying av leidningsnettet og til var ei tid ha ein tiltaksplan for sanering av leidningsnettet.

Under tilsynet la Bygland kommune fram eit arbeidsdokument som viste kva planar de hadde for sanering på leidningsnettet og kva prosjekt som allereie var gjennomførde. Dokumentet gav ein oversikt over pågåande og kommande tiltak, men dokumentet var ikkje politisk vedtatt i samsvar med føresegnene i gjeldande utsleppsløyve.

Avvik nr. 2

Kommunen manglar ein oppdatert skriftleg miljørisikovurdering av avløpsanlegget.

Avvik frå:
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 5 og 8.
Utsleppsløyve av 12.12.2011 punkt 2.4.

Kommentarar:
I følgje internkontrollforskrifta skal kommunen ha ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. Ei miljørisikovurdering skal innehalde ein kartlegging av farar og problem, og på denne bakgrunn må ein gjera ei vurdering av risiko. Risiko som overskrid akseptkriterium skal følgast opp i en forpliktande handlingsplan, og tiltak skal gjennomførast for å redusere risikotilhøva. Risikovurderingane og handlingsplanen skal oppdaterast jamleg. Handlingsplanen skal innehalde tidsfristar og kven som er ansvarlege for tiltaka.

Under tilsyna i 2021 og 2023 gav Statsforvaltaren avvik på at ROS-analysen knytt til avløpsanlegget ikkje hadde vore revidert sidan 2013. Bygland kommune har arbeidd med ein revisjon, men personalutskiftingar har gjort at arbeidet ikkje er fullført og halde oppdatert slik føresegnene i løyvets punkt 2.4 krev.

Avvik nr. 3

Kommunen manglar skriftlege rutinar for oppfølging av drifta ved reinseanlegget

Avvik frå:
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.

Kommentarar:
Internkontrollforskrifta gir føresegner om at kommunen pliktar å ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskriding av føresegner fastsett i medhald av lovverket. Rutinane skal vere skriftlege.

Under tilsynet i mars kunne ikkje kommunen gjere greie for kva for skriftlege rutinar som fanst for drifta av anlegget, verifisering og rapportering av analyseresultat, kontinuerleg oppdatering av sentrale dokument med meir. Statsforvaltaren legg til grunn at Bygland kommune per i dag ikkje har eller nyttar eit samla, oppdatert og skriftleg dokument slik utsleppsløyvet krev.

Avvik nr. 4

Kommunen manglar ein skriftleg vurdering av kva som er eit avvik ved reinseanlegget.

Avvik frå:
Utsleppsløyve datert 12. desember 2012 punkt «2.4 internkontroll»
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 punkt 7.

Kommentarar:
Internkontrollforskrifta gir føresegner om at kommunen pliktar å ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge overskriding av føresegner fastsett i medhald av lovverket. Arbeid med registrering, og

oppfølging av avvik er ein sentral del av verksemdas arbeid med å forebygge uønskte hendingar. Avvik skal registrerast skriftleg.

Under tilsynet i mars kunne ikkje kommunen gjere greie for kva tilhøve de rekna for å vere avvik for drifta ved avløpsanlegget. Utan ein definisjon av kva som er utgjer eit avvik, kan ikkje i kommunen seiast å arbeide tilfredsstillande systematisk med å registrere og følge opp avvik for å forebygge uønskte hendingar.

Merknad nr. 1

Hovudplanen for vatn og avløp er utarbeidd utan nemneverdig deltaking frå sentrale personar i kommunens administrasjon.

Under tilsynet kom det fram at den nyleg vedtatte hovudplanen for vatn og avløp i all hovudsak er utarbeidd av konsulentar utan at sentrale personar i kommuneadministrasjonen hadde tatt del i arbeidet i monaleg grad. Ein hovudplan for vatn og avløp er eit sentralt, men også omfattande dokument. Vi har forståing for at ein kommune med liten administrasjon nyttar konsulentbistand for å utarbeide ein slik plan. Ulempa med eit dokument som kommunens eigne folk ikkje har eit eigarforhold til, er at slike dokument sjeldan blir nytta aktivt som styringsdokument av kommunen.

Føresegner om utarbeiding og oppdatering av sentrale styringsdokument vil vere sentrale i eit nytt utsleppsløyve. Statsforvaltaren oppmodar Bygland kommune om å ta ein større del i utarbeidinga av sentrale styringsdokument som søknad om utsleppsløyve, hovudplan for avløp, risikovurderingar og andre internkontrolldokument for å få eit tydelegare eigarforhold til dokumenta og bruken av dei i det kontinuerlege arbeidet med avløpsrelaterte tilhøve i kommunen.

Andre tilhøve nr. 1

Om næringsmiddelpåslepp til kommunalt leidningsnett.

Byglandsfjord reinseanlegg mottar industrielt avløpsvatn frå Tine Meierier Setesdal. Av den samla mengda avløpsvatn til anlegget, utgjer Tine sitt bidrag ein vesentleg del. Påsleppet er etter kva Statsforvaltaren kjenner til, regulert gjennom ein privatrettsleg avtale frå 2007.

Statsforvaltaren kjenner ikkje til kva grunnlagsdata som ligg til grunn for Bygland kommunes utrekning av sjølvkost for kommunale gebyr for drift av avløpsanlegget. På bakgrunn av storleiken til påsleppet frå Tine Meierier Setesdal, og meirkostnaden deira påslepp utgjer for drifta av kommunens reinseanlegg vil vi understreke at det er viktig at kommunen har oversikt over ulike kjelders bidrag til den samla mengda avløp til reinseanlegget. Det er og viktig at kommunen kan gjere greie for kva tal de nyttar til utrekning av sjølvkost for abonnentane til avløpsanlegget.

Industripåslepp frå verksemder skal ikkje kan inngå som ein del av grunnlaget for utrekning av sjølvkost for andre abonnentar, men skal ha eit individuelt utrekna gebyr basert på deira avløpsmengd. Kommunen kan fastsetje forskrift om kommunale gebyr, jf. forureiningsforskrifta kapittel 16. Sjå også rettleiar frå Norsk Vann, rapport 228/2017 «Påslipp av avløpsvann frå virksomheter».

De har per i dag ikkje krav i utsleppsløyvet dykkar om at påslepp til kommunalt anlegg skal vere regulerte gjennom løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 15A, men vi oppmodar dykk til å gå

gjennom eldre avtalar og fastsette løyver i staden. Dette gir etter vårt syn ein betre moglegheit til å utøve rolla som forureiningsmyndigheit for påsleppet.

Vedtak om gebyr

Vi viser syner til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 26. februar 2026. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnadar med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Byglandsfjord reinseanlegg betale eit gebyr på kr 53 800,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit.

Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De kan klage på vedtaket om gebyr. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og må sendast til Statsforvaltaren i Agder innan tre veker etter at de mottok dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og de må betale gebyret som er fastsett over. Om vi tar klagen til følgje, vil for mye innbetalt gebyr bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande føresegner fastsett i eller i medhald av forureiningslova er overhaldne. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48.

Denne rapporten gir inga heilskapleg tilstandsvurdering av Byglandsfjord reinseanlegg sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltarens risikobaserte tilsyn og er også ein oppfølging av tidlegare tilsyn hos dykk.

Under tilsynet ved Byglandsfjord reinseanlegg deltok:

Frå verksemda:
Aslak Jørundland

Andre deltakarar frå verksemda:
Trond Skjeggedal
Thomas Patrick Walther

Frå Statsforvaltaren i Agder:
Ole Martin Aanonsen

Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i Agder:
Hilde Nordby Falkenhaug
Helene Heggelund Knutsen

Kontrollerte tema

- Overordna styring og planlegging
- Kunnskap om regelverk og myndigheitskrav

- Kommuneleiinga si forståing av mål og krav, og korleis dei sikrar seg nok oversikt over eigne utslepp og påverknad på miljøet
- Kommunal planlegging og oppfølging av krav til internkontroll for ytre miljø
- Korleis kommunen sikrar at avløpssystemet fungerer godt, og at krav vert overhaldne både no og i framtida
- Oversikt over tilstanden til avløpssystemet

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Del 4: Anna informasjon

De kan kommentere rapporten

De kan kommentere faktiske feil i denne rapporten. De må sende eventuelle kommentarar til oss innan to veker etter at de har mottatt rapporten.

Rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via Statsforvaltarens postjournal i tråd med offentleglova.

Søknad om nytt utsleppsløyve

Utsleppsløyvet til Byglandsfjord reinseanlegg er frå 11. desember 2011, og vilkåra i løyvet treng revidering for å vere i samsvar med dagens regelverk. Vi syner til forureiningslova § 18 tredje ledd, kor det står at forureiningsmyndigheita kan kalle tilbake eller endre eit løyve når det har gått meir enn ti år sidan løyvet blei gitt.

Vi syner til vårt brev datert 25. mars i år og minner om at de er bedne om å sende inn søknad om nytt utsleppsløyve **innan 31. desember 2026.**

Ta kontakt med Statsforvaltaren om de treng ytterlegare rettleiing i søknadsprosessen.

Med helsing

Helene Heggelund Knutsen (e.f.)
rådgiver

Ole Martin Aanonsen
seniorrådgiver
Seksjon forurensning

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: